



Fylkesmannen i Hordaland  
Postboks 7310  
5020 Bergen

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 16/259 - 16/19724

Saksbehandlar:  
Per Sveinar Morsund  
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:  
08.07.2016

## Oversending av søknad om dispensasjon til uttale gbnr 137/150 Alver

Saka gjeld søknad om bygging av tilkomstveg fram til eigedomsgrense og etablering av parkeringsplass på eiga tomt. Tiltaket omfattar dispensasjon for tiltak i 100 meters beltet mot sjø og dispensasjon frå LNF føremålet i kommunedelplan for Knarvik- Alversund.

Eigar av gbnr. 137/150 og 137/14 har gjennom privatrettlig avtale via jordskifterettten inngått avtale om etablering av tilkomstveg til eigedommen. Vedlagt oversendinga følger kart med innteikna trasè samt utdrag av inngått avtale mellom partane. Flyfoto og kart m/kommunedelplan er òg lagt ved. Veg som skal etablerast vil verte 2 meter brei pluss eventuelle fyllingar for å sikre forsvarleg opparbeiding av veg i samråd med gjeldande forskrifter.

Lenke til søknad:

[http://innsyn.sing.no/Lindas/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=journalpost\\_detaljer&journalpostid=2016001757&](http://innsyn.sing.no/Lindas/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=journalpost_detaljer&journalpostid=2016001757&)

### Planstatus

Eigedomen ligg i LNF-område. Same gjeld for område for tilkomstveg. Ein gjer merksam på at delar av arealet er avsett til mulig framtidig trasè for ny bru over Alversundet. Tiltaket krev dispensasjon frå tiltak i 100 meters belte mot sjø, jf. PBL §1.8 og pkt. 2.2.2 i kommunedelplan for Knarvik – Alversund 2007-2019.

Tiltaket krev dispensasjon frå LNF-føremålet, jf. pkt. 2.9 i kommunedelplan Knarvik – Alversund 2007-2019.

### VURDERING



## **Dispensasjon**

Byggesakseininga i Lindås kommune har ikkje teke endeleg stilling i saka og kjem til å leggje eksterne og interne høyringspartar sine tilrådingar til grunn for vedtaket.

### **Foreløpig vurdering frå byggesak:**

Eining for byggesak har notert seg at partane i saka er einige om trasè for tilkomstveg fram til eigedomen. Vidare går det fram av rettsmøte i jordskifteretten at eigedomen ved skyldskifte holdt 16.04.1952 fekk «...rett til 2 m brei veg fram til hovedbruket sinn sjøveg, og fyljer sidan denne fram til hovedvegen Isdalstø Svaet...» I dag praktiserast det at eigar av gbnr. 137/150 parkerar på avsett område ca 100 meter frå eigedommen. Tiltaket vil innebære opprusting av eksisterande traktorveg fram til dagens parkering, samt etablering av ny veg fram til eigedomsgrense.

Byggesak legg til grunn at etablering av veg ikkje fører til vidare begrensning av allemannsretten i strandsona utover det som er situasjonen i dag.

Eventuelt positivt vedtak i saka vil ha forbehold om framtidige endringar som følgje av eventuell endring av trasè eller innfesting for brulegeme, jf. område avsett i kommunedelplan. Tiltakshavar vil bli gjort kjend med mulige tiltak og har sjølv økonomisk risiko for dei framtidige endringar dette kan føre med seg.

### **Frist**

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Avlale (163901)  
Oversiktkart 1-1000 gbnr. 137-150 m.komm.plan  
Situasjonsplan - vedlegg til avtalen (163903)  
Skråfoto gbnr. 137-150 m.fl. av 2009

### **Kopi til:**

Alversund Maskinstasjon	Buhaugen 6	5911	ALVERSUND
Arne J. Alvær	Vennavegen 50	7670	INDERØY
Eidsivating Lagmannsrett	Pb.4450	2326	HAMAR
Liv Unneland	Alverflaten 276	5911	ALVERSUND

**Mottakarar:**

Frøydis Ones

Fylkesmannen i Hordaland

Kjartan Nyhammar

Postboks 7310

5020

Bergen